

Bøner i anledning Global uke 2024

I – Led oss til deg

Gode Gud, himmelske far, ven og hjelper,
vi takker deg for alle gode gaver, som du gir oss i dag og kvar ny dag: Liv, fellesskap, tru og håp.
Takk for den store gáva framtidshåp.

Vi ber om at du gjer oss merksame på ditt nærvær i alt som er, i kvart menneskes liv
her i vår by, her i vår verd.

Lys opp mørket slik at vondskapens gjerningar blir
synlege for alle.

Led oss i din retning, til sunnare relasjonar med kvarandre, og i retning av en meir rettferdig
verdsordning.

Vi ber for alle som lid,
alle som rammes av urett, krig og øydeleggingar.

Vi ber for alle som lever i undertrykking og som blir utnytta, for alle som lever som om dei er slavar.
Vi ber for kvardagen deira, dagane og nettene deira.
Takk for at du aldri forlèt ein einaste ein av oss.

Vi ber for alle sin rett til å be - og om tryggleik i bøna.
Vi ber om kraft og inspirasjon til å forsvare demokratiske fridomar og menneskars rettar.

I Jesu Kristi namn. Amen.

II – Alt høyrer saman

Gode Gud, himmelske far, ven og hjelper,
Vi kjem til deg med vår bøn for alle menneske, heile ditt skaparverk
Alt liv høyrer saman gjennom din Ande –
når ein del lir, verkar det inn på heilskapen.

Tilgjev oss at vi ikkje alltid står opp for rettferd og fridom for alle.

Lat oss alle vere med på å belyse og avsløre
det som er ondt.

Hjelp oss alle til å bidra til vårt felles beste.

Lær oss å gi og ta imot omsorg frå kvarandre.

I Jesu Kristi namn. Amen.

III – Litani

Leder: Evige, allmektige Gud.

Alle: Miskunne deg over oss.

L: Herre, høyr vår bøn.

A: Herre, høyr vår bøn.

L: Vi, ditt folk, heile menneskeslekta ber deg – kom med di rettferd og fred til alle land og folk.

A: Miskunne deg over oss.

L: Kom med din rettferd og fred til kvart menneske; barn, kvinne og mann på jorda.

A: Miskunne deg over oss.

L: Kom med trøyst og kraft og mot til alle som lir av undertrykking, alle som vert utnytta, alle som tvinges til ting dei ikkje sjølv vil.

A: Miskunne deg over oss.

L: Kom med kunnskap og innsikt i korleis våre eigne handlingar påverkar andre sine liv. Opplys oss om din veg og gjer oss villige til å gå den.

A: Miskunne deg over oss.

L: Kom med trøyst, kraft og mot til alle som ser og opplever at andre vert behandla urettferdig. Velsign alle gode handlingar.

A: Miskunne deg over oss.

L: Kom med sjølvverkjenning og omvending til alle som utnytter andre for egen vinnings skyld.

A: Miskunne deg over oss.

L: Gode Gud, takk for at du lover å høyre vår bøn – før vi roper.

A: Amen.

IV – Benedictus

Når vi ser din himmel, stjernene du tenner
og måneskinet som gir lys til smertenes natt.

Når menneske står saman mot det onde så det gode veks og blir ei kraft –
då fødes det i oss ei lengting etter deg
og eit ynskje om at du signer vår kamp.

Då takkar vi deg for Anden i oss, som vil lære og leie oss framover – saman. Amen.

*Bønene er skrivne av Kristina S. Furberg, diakon i Svenska Kyrkan i Norge
i samarbeid med Norges Kristne Råd*

Punkt til forbøn i Global veke mot moderne slaveri 2024

Kan brukast fritt, men ein bør gjere eit utval av punkta. Å lese alle blir for mykje.

Kan lesast høgt slik dei er, eller flettast inn i fri bøn. Forslag: Del eit utval av punkta mellom 2-5 ulike personar (barn, vaksen, ungdom, eldre, person med fleirkulturell bakgrunn, osv.). Desse les eitt el. fleire punkt kvar. Forsamlinga kan vere med ved t.d. å be «Miskunne deg, Gud!» mellom kvar lesning. Kan avslutte med at alle ber «Herre Jesus, dette ber vi om i ditt namn» el. «Herre, høyr vår bøn».

Takk for ...

- * at alle menneske er skapte i Guds bilete, og at ingen kan ta ifrå nokon verdien deira
- * at du, Gud i ditt ord seier at du har særleg omsorg for born, flyktningar, framande, utstøytte og fattige

Be for ...

- * alle born, kvinner og menn som er utsette for vår tids slaveri gjennom menneskehandel, tvangsarbeid, gjeldsslaveri eller anna utnytting
- * alle born, kvinner og menn som er på flukt frå Ukraina og andre krigsområder, og dei som kjem hit til Noreg bland desse
- * alle migrantarbeidarar, menn og kvinner og unge som bryt opp frå heimlandet for å skaffe eit betre levebrød til seg og sine
- * alle arbeidarar som på grunn av korona har mista jobben, eller ikkje har ei løn til å leve av og ikkje har ein verdig arbeidskvardag
- * alle jenter og kvinner, gutar og menn som blir utnytta i sexslaveri og tvungen prostitusjon
- * alle som er på flukt eller migrerer og dermed står i særleg fare for å bli utnytta
- * alle som blir bytte for menneskehandlarar og falske lovnader om forteneste, arbeid eller gode
- * alle jenter som gjennom tvangsekteskap misser barndom, utdanning og fridom
- * alle born som må arbeide lange dagar i staden for å gå på skule
- * alle som blir tvinga til krigsteneste, pressa for pengar eller får organa sine fjerna
- * menneskehandlarar og alle som utnyttar andre, at dei må stansast og omvende seg
- * alle som kjempar for fridom og rett for seg sjølv eller andre

Be om at ...

- * alle som blir utnytta i slaveri, får mot og rom til å vinne fram til fridom og eit verdig liv
 - * dei som har overlevd utnytting, krenkingar, truslar og vald, får nytt håp og kan verte friske, rette ryggen, få bruke ressursane sine og gå vidare som glade og frie menneske
 - * alle arbeidsgivarane i Noreg og i heile verda syter for gode og verdige vilkår for sine tilsette
 - * vi som forbrukarar gjer gode val i omtanke for naturen og medmenneska våre
 - * styremakter, offentlege instansar og frivillige organisasjonar i Noreg og i verda gjer sitt beste for å få slutt på vår tids former for slaveri
 - * Jesus gir oss vilje til å ta eit oppgjær med ondskap og eiga likesæle, og mot til å bruke det handlingsrommet vi har
 - * Jesus hjelper oss å aldri oversjå verdien i kvart menneske
 - * Jesus viser oss korleis vi kan bruke evner og krefter til å støtte undertrykte – både dei som lever nær oss, og dei langt borte
 - * **Jesu rettferdige fred bryt fram i verda, og at Guds rike kjem til alle menneske**
- Amen.

Fellesbøn i Global veke mot moderne slaveri, frå tidlegare år

Bøna er skriven av representantar frå ulike kyrkjesamfunn i samarbeid med Noregs Kristne Råd.
Omsett til nynorsk av Norunn Stendal Aksnes

(L = leiar; S = stemme, kan lesast av same person eller fleire)

Leiar: Gud, vår skapar, frelsar og livgivar, over heile landet samlast folk til bøn i ditt namn. I kjærleik skapte du jorda til glede for alt som lever. Men – vi har prega jorda med urett, og ingen av oss er utan medansvar. Vi kjem til deg og ber om nåde. Vi ber for alle som opplever å bli grovt utnytta både her i vårt eige land og elles i verda.

S1: Gud, vi ber for dei som blir utnytta på byggjeplassar og søv sine netter i overfylte brakker – som ikkje kan møtast på kafear og restaurantar, men som kanskje bygde lokala, reingjorde dei etter stengetid eller vaska opp på bakrommet.

S2: Gud, vi ber for dei mellom oss som slit i vaskehallar og verkstader, men aldri får vere med i blankpolerte bilkortesar.

S3: Gud, vi ber for dei mellom oss som står i åkeren heile dagen og dyrkar mat andre skal ete, medan svolten gneg, ryggen verkjer og løna ikkje er til å leve av.

S4: Gud, vi ber for dei mellom oss som blir utnytta til matlaging, reinhald og barnepass for lite eller inkje i løn, ofte under streng kontroll - i fleire millionar heimar rundt om i verda.

S5: Gud, vi ber for dei mellom oss som ser seg nøydde til å yte seksuelle tenester under truslar og vald, og som dagleg blir krenkte både fysisk og psykisk.

S6: Gud, vi ber for dei mellom oss som taper både barndom og skulegang i støvete gruver og fabrikkar medan mobilar, bilbatteri og klekolleksjonar blir klargjorde for marknaden - så forbruket kan halde fram.

L: Herre, du elskar både den undertrykte og undertrykkjaren – og den lunkne. Du kallar oss til sanning og fridom i Jesu namn - og til å elske vår neste som oss sjølv.

Gi oss derfor nåde til å opne auga og sjå kvarandre i ansiktet. Lat oss alle gjere vårt til å få slutt på nettovergrep, tvungen prostitusjon, altfor billige kle og underprisa anbod - ja, alle varer, tenester og strukturar som er slik at menneske blir ufrie og opplever urett.

Vi samlar oss i bøn om at alle ein dag får gå i lag i eit fridoms festtog der du leier oss fram til rettferd og fred. Gud, du som løyser band og set fangar fri:

Alle: Set oss fri så alle menneske får sin rett og vi saman kan lovsyngje deg!
I Jesu namn. Amen.

Fellesbøn – kortare utgåve

Fridoms Gud! Over heile landet samlast folk i bøn til deg.

Vi ber for dei mellom oss som leverer varer og tenester som er resultat av tvang eller urett, som blir utnytta på byggjeplassar, i restaurantar og på åkrar - utan løn til å leve av, som blir krenkte medan andre forgrip seg på kroppen deira, som misser barndom og skulegang og ikkje blir behandla likeverdige, men må arbeide i gruver eller i fabrikklokale.

Gud, vi samlast i bøn til deg!

Du som elskar både undertrykte og undertrykkjaren – og den lunka, du kallar oss til fridom i Jesu namn og til å elske vår neste som oss sjølv.

Gi oss nåde til å opne auga og sjå alle medmenneske - og gjere vårt.

Gud, du som løyser band og set fangar fri:

Set oss fri så alle menneske får sin rett og vi saman kan lovsyngje deg!
I Jesu namn. Amen.